

Invitasjon til opning av SKL visningscenter på Opstveit i Matre

SKL har i fleire år arbeidd med å fortelja vasskraftshistoria i Blådalsvassdraget gjennom ei fysisk utstilling – eit visningscenter. Historieformidling var eit krav i konsesjonen me fekk til å riva den gamle kraftstasjonsbygningen, Blåfalli II frå 1953.

Me er stolte av korleis arkitektane har funne ei form som passar denne historieforteljinga, og me har lagt sjela vår i å kunna formidla den stolte fortida selskapet og området har.

Det vert opning ved ordførar Hans Inge Myrvold i Kvinnherad kommune kl 13:00. Med oss har me også fått **ordførar i Etne kommune, Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim**, då delar av vassdraget ligg i Etne kommune.

Grunna smittefare for koronaviruset, vil me leggja opp til at opninga vert utandørs, med god plass, og det er invitert eit avgrensa tal deltakarar. Me ber difor om at de kan melda frå om de kjem innan torsdag 20.08. kl 10:00. (Meld tilbake til jpm@skl.as)

Me har også vore så heldige at **stortingsrepresentant Terje Halleland** frå Rogaland vil vitja oss denne dagen. I samband med temaet om å nytta potensialet som ligg i allereie regulerte vassdrag på ein betre måte, vil me setja fokus på at det så absolutt er tilfelle for Blådalsvassdraget. Men dagens rammevilkår står i vegen for det som vert omtalt som samfunnsnyttige utbygging- og opprustingsprosjekt.

Pressa er hjarteleg velkomen til å vera med på denne delen av presentasjon/synfaring. Den vil starta på Opstveit i Matre kl 09:45